


BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1258
5943 Austrheim

Auskjedsgudsteneste for Rune Minde Søndag 11.juni kl. 11.00



Soknerådet vil takke av Rune Minde som har vore ein dyktig og kjær sokneprest her hjå oss nokre år no.

11.juni klokka 11.00 er hans siste gudsteneste i Austrheimkyrkja og vi håper at vi kan fylle kyrkja denne dagen.

Etter gudstenesta inviterer soknerådet til festsamvær på kyrkjelydshuset.

- Enkel bevertning
- Song og musikk
- Talar
- Ordet fritt

Det hadde vore flott om vi kunne fylt opp salen på kyrkjelydshuset og takka av Rune på ein skikkeleg måte.
Velkommen!

Kyrkjebakken nr. 5 – 2023 – mainummeret – årgang 52 - nytt stoff innan 18.august



KYRKJE BAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



Gudstenester

I A U S T R H E I M S O K N

Følg med på heimeside, facebook og plakat for eventuelle endringar.

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Bodil Monslaup 414 57 215
Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90,
eller Edvard Bjerkestrand 46922638

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 72 90
E-post: post.austrheim@kyrkja.no
www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:
Sokneprest:Trefftid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:
Sokneprest Rune Minde 906 95 377
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og
kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjeterar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar
Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

Redaksjonen

Epost kyrkjebakken:
kb.austrheim@kyrkja.no

Utgjevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Jostein Hauge,
Redaksjon: Jorunn Kårdal,
Britt Rebnord,
Leif Arne Økland.

Adresse: 5943 Austrheim
Trykk og Design Trykk-Service as

- Fredag 09.juni kl. 18.00**
Gudsteneste for alle
- Søndag 11.juni kl. 11.00**
Avskjedsgudsteneste for Rune Minde.
Fest på kyrkjelydshuset etterpå
- Søndag 02.juli kl 12.00**
Utegudsteneste Fedje i samband med fiskefestival
- Søndag 13.august kl. 16.00**
Utegudsteneste i Årvikane med dåp.
Fonnesdagane
- Søndag 27.august kl. 11.00**
Gudsteneste i Austrheim kyrkje



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

Heilside	1000,-
Halvside	500,-
1/3 side	350,-
1 / 4 side	250,-
Små annonser	150,-
Takkeannonser	GRATIS!

Tid for å takke

Eg har eit vakkert minne frå siste dagen min svigerfar levde. Ein solfylt og lun vårdag i Øystese 2005. Han døydde heime, og heile kjernefamilien var samla. Vår familie var dei siste som kom. Då kona mi (dotter hans) kom inn til han, sa han: «No er tida for å takke...».

Å få leve under eit slikt perspektiv kjenner eg er eit rikt liv. No går tida mi som sokneprest i Austrheim og Fedje mot slutten, og då kjem denne setninga frå min svigerfar: No er tida for å takke.

Frå ei side sett blei det ei altfor kort tid. 4 år er i grunnen berre den tida det tek for å koma på innsida av eit samfunn og ein kyrkjelyd. «skal du slutta alt?» seier folk til meg. Så noko i meg skulle gjerne halde fram som prest i ein del år til, for eg trivst her, og eg er blitt glad i mange menneske eg har fått møta. Og eg har fått fornya kjennskap og venskap med ein god del av dei eg vaks opp med, eller som var ein del av oppveksten min her på Austrheim.

Samstundes kjenner eg at det nok er ein grunn til at pensjonsalderen er sett til den alderen det er. Eg har no fylt 67 år og kjenner at det skal bli godt å få senka skuldrene og leggja totalansvaret for mitt arbeidsfelt av.

Eg var ferdig med teologistudiet i 1982. I løpet av tida som prest etter det, og om ein ser eit par generasjonar lengre bak, har rolla som prest endra seg svært mykje. Tidlegare var presten ein embetsmann, og mange kjenner historier om presten med ein ytre autoritet som mange kjende respekt for, men og ei viss redsle for. Eg er glad for at eg har fått vera prest i ei tid då ikkje folk måtte bøya seg når det møtte presten. Å vera prest er å vera ein tenar. «Ein tenar er ikkje større enn herren sin» sa Jesus ein gong til disiplane sine, og «Om nokon vil vera den første, må han vera tenar for alle». Dette kan kanskje

høyast påklista audmjukt og fromt ut, men for meg gjev det djup meinig å ha dette som ideal for prestetenesta.

Så difor: TAKK!

Takk for mange rike opplevingar i samband med gudstenester i Austrheimkyrkja, i friluft og under ombyggingsperioden for kyrkja: i kyrkjelydshuset. Kyrkja, fullsett med menneske: born, unge og eldre. Men og, kyrkja med få menneske til stades. Uansett: det er andlet til einskildmenneske som kjem fram på netthinnia mi når eg no tenkjer tilbake. Vi trur på ein Gud som ser den einskilde av oss, som den vi er, og ikkje som ein del av ein stor masse. Og ein Gud som ser på oss med tankar til fred, ikkje til ulukke.

Takk for rike stunder knytt til høgtid, glede og fest, men også: takk for møte med mange menneske i sorg og dødsfall. Å vera prest i samband med sorg kan vera tungt, men først og fremst kjenner eg meg audmjukt glad og priviligert over å få bli invitert inn i menneske sine liv der vi er på det varaste og mest sårbare. «Alla dessa dagar som kom och gick, inte visste jag att det var livet», er det kjende sitatet av Stig Johansson. Ein setning som ofte dukkar fram hjå meg.

Eg gjev no med glede stafettpinnen vidare til Stein Hugo Fykse, som tek til som sokneprest frå september av, og vil avslutta med eit bibelsitat som for meg står som eit livsmotto. Det er henta frå det Gamle Testamentet, profeten Mika, kap. 6:

⁸Han har kunngjort for deg, menneske, kva godt er.
Og kva krev Herren av deg?
Berre at du gjer rett,
viser trufast kjærleik
og vandrar audmjukt med din Gud.

Rune Minde

Inger Aasen Min salme

Det er så mange gode og rike skattar i salmane, og det er vanskeleg å lande på den eine.

Ein del salmar og tekstar har fylgt meg heile livet, andre har kome til etter kvart.

Med ein oppvekst der salmevers var med i pensum, og ein heim der salmeboka hadde ein sentral plass, så har songen vore ein styrke med på vegen i livet!

Mange gode minne då far om morgenon song med på andakten, som til dømes:
«Syng i stille morgonstunder,
Syng Gud Fader lov og ros
Sjå han skaper nytt det under,
kallar fram or mørkret ljós»

Og med ei mor, som var så glad i Mathias Orheim sine songar, nynna over kjøkkengrytene:
«Eg har ei tenesta stor for Gud, frå dag til dag i det stille. Der kvardagskleda er presteskrud og Kristi småting så gilde»

Så blir min salme i dag, ein god song/salme av våre «rike skattar» til takk, trøyst, hjelpe, tilgjeving og eit evig håp i vente der framme!




Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera
Og leva i di frie nådepakt.
Det alt er ferdig, eg skal inkje gjera,
men berre kvila i det du har sagt!

Eg bed deg Lei du meg igjennom verda,
eg er så veik og er i framandt land.
Det mange var som gjekk seg vill på
ferda, og sleppte taket i di Frelsarhand.

Men visst eg veit du maktar fast meg
halda, det har du lova i ditt eige ord!
Du visste alt om meg før du meg kalla,
og gav meg plass ved nådens rike bord.

Lat meg få sjå på deg når synda därar,
lat meg som barn ditt faderauga sjå,
Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar,
eg ved din nåde skal til himlen nå!

BIBLIOTEKET - OPNINGSTIDER



Tysdag 10-15
Onsdag 14-19
Fredag 10-15

FONNES FILIAL STENGT

Fonnes filial er stengt på grunn av den pågående ombygginga av Kaland skule.

Ombygginga skal vera ferdigstilt til sommaren 2023, det kjem nærmere informasjon når biblioteket opnar igjen

Følg oss gjerne
på facebook

God bok



LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege 113 heile døgeret.

Legevakt 116117

AUSTRHEIM LEGEKONTOR

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
08.30-12.00 .
Telefontid: 08.30 - 12.00 og
13.00 - 14.00.
Torsdag er telefontida frå kl. 09.30

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

ÅRÅS HELSESTASJONEN

Åpningstider for publikum:
kl 08.30- 15.00
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

TELEFONNUMMER I PLEIE OG OMSORG

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen /kjøkken: 56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23

Forvaltningskontoret : 56 16 21 42
56 16 21 38

Hørselskontakt i
Austrheim 56 16 21 23

Intervju med Stein Hugo Fykse:

Det er med stor glede at vi kan ønskja velkommen Stein Hugo Fykse som vår nye sokneprest for sokna i Austrheim og Fedje. Han overtek etter Rune Minde og vil bli introdusert for begge sokna i september. Meir informasjon om dette når tida nærmar seg.

Vi fekk napp på første forsøk.
Dette er ikkje sjølv sagt slik stoda er i dag,
med ein utprega prestemangel.

Stein Hugo Fykse har slektsrøter på Fedje og er i tillegg arveleg «belasta» i prestetenesta, med ein far frå Stranda på Ostereidet som gjennom mange år har hatt si teneste som sokneprest i Nordhordland.

Vi har bedt Stein Hugo om seja litt om seg sjølv ut frå nokre spørsmål vi har sendt til han:

Kan du seja litt om deg sjølv og kva som var din veg inn i prestetenesta?

Eg blei født i Bergen for vel 53 år sidan. Barne - og ungdomstida hadde eg i Arna og på Lindås.

Eg ser tilbake på denne tida med stor glede. Å få vekse opp på Lindås i den flotte prestegarden var ei gáve. Far fann stor glede og djup meinings i prestetenesta. Dette smitta nok over på meg. Eg kjende tidleg at det var prest eg ville bli. Som barn følgde eg ofte med far rundt omkring. Den gongen høyrdie Austrheim og Fedje til Lindås prestegjeld. Særleg kjekt som barn, huskar eg det var å dra til Fedje. Vi reiste gjerne ut på laurdag og overnatta på Stuberg hos bestemor Ingeborg og onkel Bjarne. Tante Kirsten var der som regel og. Sundag var det gudsteneste. Etterpå venta middag på Stuberg. Stundom reiste vi ut med



presteskynnen til Monrad Sætre. Det var spennande. Særleg når det bles friskt på Fedjefjorden, - og det hende jo. Ei jul var veret heller därleg, hugsar eg. Då blei far sikkeleg kvalm og tok ein pose med seg på preikestolen.

Etter vidaregåande, først på Austrheim og så i Knarvik, tok eg til på teologien. Mesteparten av utdanninga har eg frå Misjonshøgskulen i Stavanger. Her var eg ferdig i 1997. Då venta eitt år som marinprest ved KNM Harald Haarfagre i Stavanger. Frå Stavanger gjekk vegen vidare til Sunnfjord og Askvoll. Her var eg sokneprest i vel 20 år. Til dei 7 kyrkjestedane eg hadde ansvar for høyrdie øyane i Bulandet og Værlandet. Til turane i Bulandet og Værlandet var det oftaast presteskiss. Det blei mange fine og friske turar. Eg likar meg ved kysten og sjøen. Kjenner liksom at eg pustar litt lettare der.

I Askvoll fekk eg mine to barn, Irene (23) og Jostein (20). Irene er busett i Arendal og jobbar som fengselsbetjent der. Jostein er for tida på Molde folkehøgskule. Der er han elev. Neste år skal han vere stipendiat ved skulen.

Eg har vore gift, men det begynner å bli lenga sidan. Dei siste 13-14 åra har eg levd einebuarlivet.

I 2019 drog eg frå Askvoll til teneste som sokneprest på Osterøy. Her har eg særleg ansvar for sokna Gjerstad, Haus og Bruvik. Eg kunne nok godt vore lengre her, men då stillinga som sokneprest i Austrheim og på Fedje blei ledig, tenkte eg at denne mogelegheita kan eg ikkje la gå frå meg. Det er ikkje sikkert den kjem igjen. Eg har lenge ønskt meg tilbake til Nordhordland. Eg har faktisk søkt meg til Austrheim og Fedje før. Eg fekk jobben, men av familiære grunnar fann eg det då rett å takka nei. Takksam for å få sjansen igjen no.

Kva likar du å gjera på fritida?

Eg likar å kopla av med litt praktisk arbeid. Då eg budde i stor prestegard i Askvoll, var det alltid rikeleg å ta seg av.

Særleg om våren og sumaren. Då var det slått og stell. Ein del vedarbeid vart det og. Etter at eg flytte i leilighet har det blitt lite av dette. Så for tida er eg litt på leit etter fritidsaktivitetar. Har leika litt med tanken om ei campingvogn, eller kanskje bilbil. Det er greitt i Knarvik der eg no bur, men tenker det kunne vere kjekt å ha moglegheita til å vere litt meire på Austrheim og Fedje, også på fritida. Vi får sjå.

Har du nokre tankar og forventingar når du no står på terskelen til ei ny prestetenesta for sokna på Austrheim og Fedje?

Eg tenker det skal bli godt å få koma i gong. Bli kjent med medarbeidarar og sokneråd, rutinar og lokale tradisjonar. Og aller mest sjølv sagt, kyrkjelydane i Austrheim og på Fedje.
Det ser eg fram til!



Kan du hjelpe eit barn eller ein ungdom som har det vanskeleg?

No er det behov for fleire fosterheimar i ditt nærområde.

Den norske kyrkja samarbeidar med Fosterheimstenesta i Bergen om å finne fosterheimar i kyrkjelydane.

Meir informasjon om fosterheim på
fosterheim.no



SONG OG BIBELFORTELJINGAR PÅ KNØTTEKORET

Ein draum i kyrkjelyden har vore å få på plass eit kor for dei aller yngste borna. Difor er det veldig kjekt at Knøttekoret no har hatt sine to første øvingar i kyrkja.

Meir enn 25 songglade born i alderen 4 år til og med 2.klasse har øvd på kjende barnesongar som «Kven har skapt alle blomane» og «Dine hender er fulle av blomster». Både tekst og bevegelsar vert øvd på med stor iver. Olaf og Gunn leier dette på ein flott måte.

HelgeD

Den timen dei er i kyrkja er det først litt øving før dei går opp i «Ringerommet» og får høyra ei bibelforteljing. Etterpå er det meir øving før dei har ei lita avrunding av stunda. Det er veldig kjekt at foreldre og besteforeldre følgjer borna og sit og hører på øvinga. Siste øving før sommaren er 25.mai. Om fleire vil vera med er det berre til å koma. Det er enno ikkje heilt klart kva tid første øving vert etter sommaren. Følg med på Knøttekoret eller Austrheim kyrkje si fb side.

Austrheim sokn

Gravferd

23.05 – Finn Eikeland f.1940

26.05 – Christian Dreyer Skre f.1961

FRISTAR FOR KYRKJEBAKKEN

Nytt stoff innan:	Kjem ut:
18.august	30.august
15.september	27.september
13. oktober	25.oktober
17.november	29.novenber

Takk

til diakoninemnda for gåva eg fekk på dagen min, og takk til Tormond Mosland som kom med den. Takk for den gode praten vi hadde.

Helsing Ole Lysø.

Takker

for helsing frå diakoninemnda på dagen min.

Helsing Herlaug Korsøen

ÅRÅS BEDEHUS

Onsdag 24 mai kl 19:00 Bønnesamling

Søndag 18. juni, Formiddagsmøte kl 11:00 Reidun Skurtveit talar

Kjellaren for 5-7. trinn. Torsdagar 18:00-19:30

Ving frå 4 år til 4. trinn. Laget har tatt sommarferie.

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook.

ANNONSE

KOSELIG LEILIGHET FOR SALG I SÆTREMARKA BORETTSLAG.

Selges for 624325-, Husleige til borettslaget er 4600 i månaden.

Ta kontakt på 90228766 for meir info, må gjerne ta kontakt for å kikke på leiligheten.

Takke annonse

Skiping av lokallag av Pensjonistforbundet i Austrheim?

Fylkesleiar i Pensjonistforbundet Hordaland, Vigdis Ravnøy, har utfordra oss til å skipa lokallag av Pensjonistforbundet i Austrheim. Det er no skipa eit interimstyre i Austrheim som består av:

- Atle Lervåg
- Inger Synnevåg
- Jan Ove Synnevåg
- Ivar Bergsvik
- Olav Mongstad

Arbeidet går føre seg i dialog med Lindås Pensjonistforbund, som har fleire medlemmer frå Austrheim.

Pensjonistforbundet sitt slagord er:

Tydeleg, sterk og synleg.

Føremålet er å vera eit forum for sosial samling av pensjonistar og arbeide for pensjonistane i lokalmiljøet.

Eit lokallag arrangerer møte ca. ein gong i månaden med ulike interessante tema, ei god kaffiøkt med prat rundt bordet og andre aktuelle ulike innslag.

I september inviterer vi til stiftingsmøte. Du er hjarteleg velkommen til å vere med i laget. Det vil kome annonse seinare med tid og stad for stiftelsesmøtet.

Informasjon frå Austrheim pensjonistlag.

Austrheim Pensjonistlag hadde sitt siste årsmøte 15.2.2023, og det vart vedteke å leggja ned laget.

Austrheim Pensjonistlag vart stifta i 1982 etter initiativ frå Diakonnemnda, v/Norvald Sætre, Lars Even Mongstad og presten Sven Harald Nilsen. Første leiar var Norvald Sætre og vidare leiatar var Josef Kårdal, Doris Bergsvik, Ruth Bergsvik i to periodar, Johanna Hope og sist Oddlaug Austrheim til og med året 2021.

Laget feira 40 års jubileum i november 2022, med innbedne gjestar og diverse underhaldning.

Innbedne gjestar var ordførar Per Lerøy, leiar i eldrerådet Gro Johannessen og Kjell Bergsvik som heldt festtalen og spela på både saksofon, munnpill og sag. Rigmor og Jostein hadde fine song og musikkinnslag. Festen vart leia av Sigfrid Øksnes. Nokre medlemmer frå Litlås Pensjonistlag var også innbedne. Medlemstalet er dessverre gått nedover,

og ingen av dei noverande medlemmene ønskjer å overta leiinga i laget.

Siste året har laget vore leia av eit interimstyre på 3 medlemmer, Sigfrid Øksnes, Olly Hopland og Anne Margrete Hopland.

Laget sine eigedelar og protokollar vert no arkivert hjå Austrheim Kommune. Mellom anna lagsavisa «Vestavinden» som var ført i pennen av Larsine Rongevær frå 1991 til 2002. Den består av 4 handskrevne bøker som inneheld Larsine sine tankar om både kvardag og fest, og skildring av laget sine turar.

Det som stod på bankkontoen til laget vert overført til Nordliheimen v/Austrheim kommune til bruk til velferdstiltak for bebarane.

For interimstyret

**Sigfrid Øksnes, Olly Hopland,
Anne Margrete Hopland**



Bygdetreff

Onsdag 26.april var det duka for siste bygdetreff før sommaren. Det stod dessverre feil i førre Kyrkjebakken då det stod annonsert 26.mai. Rundt 70 personar hadde møtt opp. Rune og Jan starta med velkomst i ord og tonar. Stor var overraskinga då ein del av Austrheim Seniorkor brått stod i døra saman med dirigenten Kjersti Wiik og pianisten Jostein, som eigentleg hadde fridag. Dei heidra Rune med 5 fine songar sidan han dagen etter fylte 67 år, og som i juni går av som pensjonist. Kjersti skrytta også av Jostein og meinte me måtte ta godt vare på han, og helst forgylla han.

Tema den dagen var "Mitt liv og min kunst". Det var Olaug Sætre som fortalte frå livet sitt i Austrheim etter krigen, og det ho hadde opplevd elles i livet til dess ho flytta attende til Austrheim. Flott å høyra på. Ho reklamerte for Kunsthuset der ho lagar flotte måleri, og håpa at me kom innom der. Det var inga kjøpeplikt.

Elles var det gode smørbrød og ei nydeleg kvit dame som var innkjøpt til ære for jubilanten. Dette var siste bygdetreff før sommaren. Me kjem attende til kva tid me startar opp att, og takkar alle som har tatt del både på den eine og andre måten. Ikkje minst Rune, Svanhild og Bodil. God sommar.





Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knuter.catering.no



KILSTRAUMEN
BRYGGE

ME HAR EIT RIKT UTVALG PÅ VÅR CATERINGMENY,
MELLOM ANNA SNITTER OG KOLDTBORD

BESTILL GJERNE PÅ TELEFON: 948 53 975
LES MEIR PÅ VÅR HEIMESIDE: WWW.KILSTRAUMEN.COM



DIN RØRLEgger I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



*Oppussing av
gravmonumenter*

Utfører vasking,
rensing
og oppattmaling

Gunnar Nilsen 414 39 887



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN

Mob. 481 31 534

byggboe@online.no

KREFTKOORDINATOR:

Tove Kristin Sleire Tistel

Tlf: 40 90 02 16

Sætremarka 2 -k-hus

Tysdag ,Torsdag og Fredag

DEMENSKOORDINATOR:

Åshild Sandvin Olsson

Tlf: 96 62 66 56

Sætremarka 2 -K-Hus

Tysdag , Onsdag og Torsdag

VATNE
begravelsesbyrå
DAHLS

Tlf: 56 35 09 10 (24t)
Kvassnesvegen 11, 5914 Istdalstø
vatne-byra.no

GRAVMINNER

Norsk design og produksjon.

Se på utvalg på: www.oenstein.no

Ta kontakt for tilbud. Service



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87



Samtalegudstjeneste

Her er konfirmantane samla for å syngje Hjerteslag. Astrid Ekornrød Sætre var solist på versa.

Takk for eit fint år saman, kjære konfirmantar.

 **Snart klart for Sommarles.no!**

Snart er det klart for den digitale lesekampanjen Sommarles.no. Frå 1. juni kan alle 1.-7. klassingar i Austrheim vera med på Noregs kulaste lesekampanje, saman med barn frå heile Noreg.

Sommarles.no gjer det gøy å lesa!

Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registrerer alt dei les i kampanjepериодen, og får XP (poeng) for kvar side dei les.

Sommarles.no er for barn i 1.-7. klasse og varer fra 1. juni til 31. august. I tillegg til poeng kan barna oppnå premiar som dei kan henta på biblioteket.

Natt på BIBLIOTEKET

SOMMARLES.NO



Mastrevik torg

Velkommen til ein god handel!

Daglegvare - Post i butikk - Minibank - Apotek - Gull/Gäve/Glas - Gardiner/Utsyrsvarer - Bokhandel/Leikar Dame/Herre og Barneklede - Elektro/Kvitevarer/Belysning - Jernvarer/Fargehandel - Båt/Tiskeutstyr



Du kan stole på at vi i Bosch Car Service kan ta hånd om din bil.

Vi utfører alltid service og vedlikehold i tråd med bilprodusentens spesifikasjoner. Derfor beholder du fabrikkgarantien på bilen når du får utført service hos oss.

Spør oss gjerne om mer informasjon.



Fosnøy Bilsenter

Tlf: 56 16 75 50



**BOSCH
Service**

Car Service

Mastrevik

SOMMARFEST I DIAKONINEMNDA

7. JUNI KL. 17.

Diakoninemnda ønsker velkommen
til den årelege sommarfesten
på Kyrkjelydshuset onsdag 7.juni kl.17.

Andakt ved Rune Minde
Kurt Hatten tek del med song og moro.
Mat: Rømmegraut, spekemat, lefser og kaffi

Pris: kr. 200 pr person.

Treng du hjelp på festen, må du også mælda på følgjet ditt.

Dei frå Nordliheimen som kjem og treng hjelp,
må ha med seg ein person.

Påmeldingsfrist:
Innan 1.6. til Bodil Monslaup, tlf. 414 57 215
eller til Britt Rebnord, tlf. 992 93 902.

Arr: Diakoninemnda i Austrheim kyrkjelyd
støtta av den kulturelle spaserstokken.



Vi inviterer til heldagstur
lørdag 10.
juni

Avreise med **RunWay-buss** fra
Mastrevik Torg kl 10.00
(Fonnes senter kl 10.15)



Første stopp blir **"Slottet"** på Horvei - et spennende hus i dragestil med eksteriør og interiør utført av treskjærer og kunstner Magnus Dagestad. "Slottet" ble tegnet i samarbeid med byggherren - Knut Horvei - dikter, dramatiker, revefarmer og gardbruker.

På "Slottet" blir vi traktert med kaffe og sveler.



Vi kjører videre til **Voss folkemuseum** og **Mølstertunet** hvor vi får omvisning av guide og/eller kan vandre rundt på egenhånd.



Siste stopp er **Store Ringheim** - hotell- og restaurant. Her nyter vi en deilig middag - langtidsstekt lam og creme brulee - før vi tar fatt på turen hjemover.(hjemme ca 21.00)

Turen er åpen for alle - velkommen med ! 😊

Medlemmer **GRATIS**
Ikke-medlem **kun kr. 500**

(NB! Gi beskjed om evt matallergier) **Bindende påmelding** til Hege -
tlf 930 46 429 eller hegeramsland@gmail.com senest 6.juni !

Kva vil vi med Austrheimkyrkja??

Over ein lang periode har Soknerådet hatt fokus på målsetting, slagord, oppgåver og kva veg vi vil at Austrheimkyrkja skal gå. Dette er eit omfattande arbeid som har teke tid.

På eit tidspunkt knytte vi til oss Silje Andvik Hoaas, noko som var til stor hjelp.

Etter fleire rundar, spørreundersøking, drøftingar og til slutt ei økt på årsmøtet til kyrkjelyden, kunne soknerådet endleg gjera eit vedtak.

Målsetting for Austrheimkyrkja:

«Vera ei kyrkje som tek vare på menneske, skaper fellesskap og gjev plass til dei store spørsmåla.»

Følgjande satsingsområde, fordelt på

3 ulike delområde, vert godkjent av Austrheim sokneråd på følgjande måte:

Delområde 1: Tiltak barn og unge

0 – 25 år:

«Fremja tilhørsle til kyrkja for barn og unge, og at kyrkja skal vera ein viktig og trygg møteplass. Gjera borna kjent med bibelforteljingane, gje dei ei trygg og varig barnetru»

- Etablering av knøttekor
- Arrangera treffstader for barn og besteforeldre

Delområde 2: Diakoni:

«Vi vil vera ei open og inkluderande kyrkje for folk i alle aldrar»

- Føra vidare og utvikla bygdetreffet
- Temakveldar med kveldsmat

Delområde 3: Song og musikk:

«Austrheimkyrkja skal vera ein arena for barn, unge og vaksne, og vi skal bruke song og musikk for å få fleire til å gå i kyrkja»



- Arrangera salmekveldar, allsongtreff og gospelkveld.
- Meir samarbeid med kulturskule/ songlag/seniorkor og likande.

Det er kjekt å sjå at ein del av desse tinga alt er i gong, medan andre ting har tidlegare vorte gjennomført, men no med ynskje å få dette til på nytt. Ein viktig grunntanke frå soknerådet si side er at vi har på mange måtar «mista» ein eller kanskje to generasjonar, og difor har vi sett det som viktig å satse ekstra på dei yngste borna. Sjølvsgart ynskjer vi også å få til arbeid blant alle aldersgrupper, og vi skal ikkje gløyme at det alt no vert drive mykje godt arbeid, blant anna av Diakoninemnda vår.

For å kunne starte opp noko nytt må vi ha frivillige krefter til å ta ansvar for dette. Vi kan ikkje legge mykje meir arbeid på dei tilsette. Om du ser at nett du kunne vore med på noko av dette kan du ta kontakt med kyrkjekontoret eller soknerådsleiar.

Det er også viktig å hugsa at det alt skjer svært mykje godt og viktig arbeid i kyrkjelyden vår, og vi må rette stor takk til dei som gjer ein flott innsats.

HelgeD

Fonnesdagane 2023

11/8 Dajen før dajen
Konsert/bryggedans med "Spelloppmaker"

12/8 Dajen dar folk møtast
Utstillingar, mat & drikke, marknad,
konsert "Jazz på strilamål",
og mykje moro!

13/8 Familiedag i Årvika
Gudstjeneste med trillingdåp kl 16

FONNES BYGDELAG

FONNES DAJEN